# VELKOMEN

## Folkevaldopplæring Stad kommune

Nordfjordeid, 25. oktober 2019



Stad kommune

# **Frå kommunereform** til ny kommune

Stad kommune




**67 dagar igjen**

- ny felles kommune









Tilbakeblikk

# **Truloving** – desember 2016

Stad kommune



# **Gjensidig** tillit politisk

Stad kommune





Godt politisk klima
- Rask og god prosess



# **Ja!** til giftarmål Selje-Eid-Bryggja

Stad kommune



Fjordabladet

NR. 1 • TYSDAG 3. JANUAR • VEKE 1 • 143. ÅRGANG • LAUSSAL: KR. 25,-

## Selje + Eid = ?

Eid-ordførar Alfred Bjørlo (V) er ein ihuga kommune-samanslåingsmann, medan Selje-politikar Gunn Sande (Sp) opplever kommune-samanslåing meir som tvang. Dei to og seks andre politikarar frå Eid og Selje skal på «nøytral grunn» i Gloppen i dag og i morgon legge grunnlaget for det som kan bli ein ny kyst- og fjordkommune i Nordfjord.
NYHENDE 2-4

SALGET
starter onsdag 4. januar kl. 10.00
-50-70%
på massevis av varer
b.young
AMFI Nordfjord
TLF: 57 85 08 05

Alfred Bjørlo (V) og Gunn Sande (Sp) fotografert under tidlegare forsøk på tett samarbeid mellom Eid og ytre Nordfjord. (Arkivfoto)

3. januar 2017



Fjordabladet

FREDAG 6. JANUAR 2017 • NR. 2 • 143. ÅRGANG • LAUSSAL: KR. 25,- • WWW.FJORDABLADET.NO

## Selje + Eid = sant

Frå forhandlingsmøtet mellom Eid og Selje onsdag (frå venstre): Sigurd Reksnes (Eid, SP), Eli Førde Aarskog (Eid, H), Åsla... (Selje, ordførar KrF), Ørnulf Lillestøl (Selje, rådmann), Judith Kolle (Selje, Tp) og Gunn Sande (Selje, SP). Ikkje på bildet: A... Tolaas)

Forhandlingsutvala til Eid og Selje har kome fram til semje om ein intensjonsavtale om samanslåing av dei to kommunane. Begge kommunar ønskjer å ha Vågsøy med seg på laget, m... vanskeleg for V... NYHENDE 2,...

6. januar 2017



Fjordabladet

TYSDAG 10. JANUAR 2017 • NR. 3 • 143. ÅRGANG • LAUSSAL: KR. 25,- • WWW.FJORDABLADET.NO

## Frå Vågsøy til Eid-Selje

Nedlegging av skulen på Bryggja har fått folket til å ønskje seg over til ei anna kommune. Men nokre meiner også at heile Vågsøy bør bli med i nye Eid-Selje kommune. Ordførar i Vågsøy Kristin Maurstad var også på folkemøtet, men ho vil ikkje at kommunen skal sjå etter samarbeid innover fjorden. (Foto: Inger Træen)

Folket på Bryggja vil ut av Vågsøy kommune og inn i den nye Eid-Selje kommune. Det kom tydeleg fram under folkemøte på Bryggja søndag kveld, der det store fleirtalet av dei frammøtte skreiv under på lister for grensejustering. Allereie denne veka vil utviklingslaget sende søknad til Fylkesmannen. NYHENDE 6-7

10. januar 2017

# Likeverdige partar






Intensjonsavtale for nye
Eid/Selje kommune

Nordfjordeid/Selje 6. januar 2017
Versjon: 01

Ønske om å byggje eit fellesskap til det beste for alle.

Dra veksel på kvarandre sine styrkar.



# **Likestilte** partar – i praksis

Stad kommune







**Fellesnemnd / PSU**
6 medlemmar frå Selje
6 medlemmar frå Eid
2 tillitsvalde frå kvar kommune

+ 2 frå Bryggja krins

# Fokus på kulturbygging
## for folkevalde og innbyggjarar

Stad kommune





Nytt fellesskap
Felles kultur





# Fellesnemnda
## Felles kunnskap og inspirasjon

Stad kommune










Bli kjende – bygge fellesskap og trygge, gode relasjonar.

Tillit til kvarandre.
Formelle og uformelle rammer.

# **Felles prosjekt** – felles eigarskap

Stad kommune










**Stad 2020 – Eid og Selje i ny kommune**
Samanslåing under «felles paraply»
Mindre fokus på eksisterande identitet
Meir fokus på felles framtid

# **Møte** Fellesnemnda og PSU

Stad kommune


«Stad er eit *livskraftig* og *trygt* samfunn der *vi alle* dreg *i lag*»

Samfunnsmål Stad kommune

STAD 2020
Eid og Selje i ny kommune

**PROGRAM** / **Møte fellesnemnda og PSU 20. september 2018**

**Tid:** torsdag 20. september
kl 09.00 – 15.00

**Møtestad:**
- Måløy vidaregåande skule

## Program

| | |
|---|---|
| **Kl 09-10.00** | Måløy vidaregåande skule, orientering og omvising v/rektor Åsta Navelsaker |
| **Kl 10-11.30** | Måløy marine ressurssenter (MMR), orientering v/Randi Paulsen Humborstad. Arbeidskraft i framtida v/Sindre Kvalheim, Local Host og Øyvind Reed, Videonor. |
| **Kl 11.30-12.15** | Lunsj |
| **Kl 12.15** | Møtestart PSU/fellesnemnda |
| **Sak nr.** | **Sakstittel** |
| 054/18 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 055/18 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 056/18 | Referatsaker |
| 057/18 | Orienteringssaker frå leiar til fellesnemnda i Eid og Selje |
| 058/18 | Orienteringssak frå programleiar til fellesnemnda |
| 059/18 | Organisasjons- og leiarstruktur i Stad kommune |
| 060/18 | Søknad kommunalt næringsfond |
| **15.00** | Avslutning møte |

Mvh

Åslaug Krogsæter
*Programleiar/rådmann*
Stad 2020

**Bli kjend med folk og stadar**
- Møte lagt til ulike stadar i Stad kommune
- Bedriftsbesøk









# **Møte** Fellesnemnda og PSU

Stad kommune














# Jamlege felles kommunestyremøte

Stad kommune



PROGRAM / felles kommunestyremøte onsdag 30. januar 2019

ONSDAG 30. JANUAR 2019

Kl 10.00- 15.00:
Felles kommunestyremøte,
Nordfjord hotell

Kl 15.00:
Eid kommunestyre,
Eid rådhus

Selje kommunestyre,
Nordfjord Hotell

## PROGRAM

| | |
|---|---|
| 10.00 - 10.10 | VELKOMEN |
| 10.10 - 11.15 | Orienteringssaker Stad2020 *v/programleiar fellesnemnda*<br>• Samordna helse- og omsorgstenester til innbyggjarane<br>– Modell i Eid kommune i tråd med kommunedelplanen<br>– Digital avstandsoppfølging, pilotprosjekt i Eid<br>• Folkehelsekartlegging og planstrategi<br>• Val 2019<br>• Status prosjekt Stad2020<br>• Status grensejustering<br>• Prosjekt for samordning ved kommunesamanslåing |
| 11.15 - 11.30 | Stad Vekst |
| 11.30 - 12.30 | LUNSJ |
| 12.30 - 13.30 | Politisk prosjekt *v/Rune S Eikum* |
| 13.30 - 13.40 | PAUSE |
| 13.40 - 14.30 | Presentasjon Stad 2020 *v/leiar og nestleiar fellesnemnda*<br>Vestland fylke *v/Fylkesmann Lars Sponheim* |
| 14.30 - 15.00 | Reiseliv og stadsutvikling i Stad kommune *v/PWC* |
| 15.00 | Ordinære kommunestyremøte<br>Kommunestyremøte Eid kommune, Eid rådhus<br>Kommunestyremøte Selje kommune, Nordfjord Hotell |

*«Stad er eit **livskraftig** og **trygt** samfunn der **vi alle dreg i lag**»*

Samfunnsmål Stad kommune

Mvh
Åslaug Krogsæter



# **Kunnskapsgrunnlag** for vegen vidare

Stad kommune

**Lokaldemokratiundersøking nov.-des. 2017**
Fornying og utvikling av lokaldemokratiet

*Målsetting for ny kommune:*
Utvikle godt samspel mellom kommunen, politikarane og innbyggjarane.

Undersøking for å kartlegge status: Gje innbyggjaren høve til å *seie si meining!*






STAD 2020

Info. / UNDERSØKING om lokaldemokrati / nov. 2017

**Kvar?** I kommunane Eid og Selje

**Kven deltar?** Eit utval av innbyggjarane og alle folkevalde i Eid og Selje sine kommunestyrer.

**Når?** November 2017
Folkevalde, i høve kommunestyre 9. november.
Innbyggjarar, før og etter 9. november.

**Om undersøkinga**
Undersøkinga består i at innbyggjarar og folkevalde i dei to kommunestyra svarar på 14 spørsmål om korleis ein oppfattar lokaldemokratiet i eiga kommune. Du som innbyggjar får svare på spørsmåla i eit telefonintervju. Dei folkevalde vil i tillegg svare på 20 spørsmål om arbeidet i kommunestyret. Spørsmåla som vert stilt dekkjer ulike side ved eit godt lokaldemokrati: påliteleg styre, ansvarleg styre, borgarnært styre og effektivt styre.

LOKALDEMOKRATI

## Sei di meining!

Korleis oppfattar du som innbyggjar lokaldemokratiet i din kommune?

Godt samspel mellom kommunen og innbyggjarane er ein viktig del av utviklingsarbeidet i prosessen med kommunesamanslåing, og ei viktig målsetting for nye Stad kommune.

I eit godt lokaldemokrati vert det lagt vekt på openheit og innsyn, moglegheit for involvering og medverknad i prosessane - og oppleving av nærleik til dei folkevalde.

Som grunnlag for å styrkje arbeidet med lokaldemokratiet i den nye kommunen gjennomfører STAD 2020 ei undersøking for å kartleggje lokaldemokratiet i dagens to kommunar. Undersøkinga vil gje eit bilde på gode og mindre gode erfaringar, og vere til hjelp når ein skal vurdere behov for endring og utvikling i den nye kommunen.

Undersøkinga vert gjennomført av KS/bedrekommune.no og består av ei undersøking blant innbyggjarane og folkevalde i Eid og Selje.
*Vi oppmodar dei som vert kontakta til å delta i undersøkinga.*

*- Sei di meining!*

Med helsing

Åslaug Krogsæter
*Prosjektleiar STAD2020*

# **Avspark** for nytt lokaldemokrati

Stad kommune


#fordi det angår deg

#di meining tel også

Ver med å **byggje framtid** for di kommune!

Mobilisering for **lokaldemokratiet**

**Onsdag 25. april ønskjer STAD 2020 velkomen til avspark og felles dugnad for framtidas lokaldemokrati**

**Å utvikle og styrkje lokaldemokratiet er ein viktig målsetnad for alle kommunar.** Vi ønskjer å gje innbyggjarane gode moglegheiter for demokratisk deltaking – men skal vi lukkast med å skape eit sterkt lokaldemokrati må vi saman med innbyggjarane ta ansvar for at det skjer! Eit demokratisk og rettferdig samfunn føreset engasjerte innbyggjarar som aktivt deltek i viktige politiske avgjersler. Kjem rekruttering til og motivasjon for politikk i ubalanse, vert lokaldemokratiet svekka.

Stad 2020 ønskjer å invitere alle i Eid/Selje og våre nabokommunar til eit avspark for framtidas lokaldemokrati, der vi i fellesskap drøftar kva som skal til for å få opp engasjementet for politisk deltaking.

Det vert innlegg, betraktningar og diskusjonar med forskar ved Rokkansenteret Bjarte Folkestad, Fylkesmann Anne Karin Hamre, rikspolitikar Hadja Tajik og lokalpolitikarar frå Nordfjord.

Hovudtema for paneldebatten vert: "På tide å kvinne seg opp - Korleis få betre kjønns-balanse i folkevalde demokratiske organ?" Debatten vert leia av prosjektleiar og rådmann for nye Stad kommune Åslaug Krogsæter.

I etterkant av arrangementet i salen vert det «politisk kaféé» i foajeen på Operahuset frå kl 20-21.30 med høve til å bli kjende på tvers av politiske parti, på tvers av kommune-grenser – og gje deg som innbyggjar nærmare informasjon om korleis du kan vere med å byggje framtid for di kommune!

Ope møte
OPERAHUSET NORDFJORD
25. april kl 18.00

**Velkomen** til avspark for eit sterkare lokaldemokrati!
#fordidetangårdeg #dimeiningtelogså

www.stad2020.no

STAD 20 20








Mobilisering
- ta del i eiga framtid og utvikling.



# Prosjekt for **politisk organisering**

Stad kommune






Lokaldemokrati

## Fornyar politiske system i samband med kommunereformen

**Saman med 31 andre nye kommunar deltek Stad i eit prosjekt med sikte på fornying av lokaldemokratiet. Rune Schanke Eikum i Tinkr leiar det politiske prosjektet her.**

Styrer prosjektet: Rune Schanke Eikum i rådgjevingsselskapet Tinkr med base i Oslo og Vadsø leiar prosjektet som skal føre til innovasjon innan det politiske systemet i nye Stad kommune. Schanke Eikum vaks opp på Eid og er kjent som ein av tre gründerar av Malakoff Rockfestival.

ALLE FOTO: JØRN-ARNE TOMASGARD

– Det skjer mykje innovasjon i kommunane. Vi i Tinkr har konsentrert oss om behovet for fornying i små og mellomstore kommunar, fordi vi kjem frå slike kommunar sjølv. Ofte er det snakk om innovasjon og fornying innan organisasjon, men i dette tilfellet skal vi sjå på moglegheitene når det gjeld det politiske systemet. Spørsmålet vi stiller er kva rolle politikarane kan spele når vi snakkar om fornying, seier Schanke Eikum.

Han seier samarbeidet mellom han og Eid kommune kom i stand etter at rådgjevingsselskapet der han jobbar og er medeigar, Tinkr, fekk Forskings- og utviklingsmidlar (FoU) for å jobbe med innovasjon i små- og mellomstore kommunar.

**Mål om fleire kvinner**

– Sidan eg har vakse opp på Eid og kjenner denne kommunen, tok eg kontakt for å høyre om dei ville vere med på prosjektet. I tillegg har Stad2020 lagt eigne ressursar i prosjektet, slik at vi kan gjere det grundigare. Vi skal i tida framover jobbe med ein deltaljert framdriftsplan som skal leggast fram for fellesnemnda i Stad2020 og godkjennast i haust. Endeleg leveranse er til siste møte i fellesnemnda før sommaren 2019. Det vil nok både bli i form av ulike presentasjonar av arbeidet undervegs, og ein rapport til fellesnemnda, seier han.

Det er ynskje frå prosjektleiaren og fellesnemnda at ein skal få konkrete erfaringar med å jobbe på nye måtar og

STAD 2020

Jakta på folkeviljen

utforske moglegheiter i prosjektet.

I tillegg til Eid og Selje jobbar Tinkr med tilsvarande prosjekt i Ørsta, Øvre Eiker og Svelvik. Schanke Eikum har med seg tre kollegaer i arbeidet. Men han seier at det er han ein vil sjå mest til i samband med prosjektet i Stad2020.

Det politiske prosjektet har fått arbeidstittelen «Lokaldemokrati – fornying og utvikling, med særleg fokus på auka kvinnerepresentasjon».

**Vaktbikkje eller samfunnsutviklar**

Arbeidet er initiert av Kommunaldepartementet, som har fått 32 av dei nye kommunane med i prosjektet «Framtidas lokaldemokrati i nye kommunar». Formålet er å tilretteleggje for arbeidet som skjer lokalt med å utforme lokaldemokratiet. Stikkorda er politisk organisering, innbyggjarmedverknad, digitale løysingar og arbeidsmåtar.

– I arbeidet vil vi leggje vekt på å utfordre politikarane til å tenkje over sin eigen kvardag. Vi har ikkje svara på kva som kan gjerast betre på førehand. Dette er noko vi skal diskutere oss fram til. Men la oss ta som eit døme 10.000 kroner som skal løyvast. Er dette noko som politikarar skal bruke tid på å diskutere i møte, eller kan det delegerast til administrasjon? På den måten vil ein i så fall kunne frigjere tid for politikarane slik at dei konsentrerer seg om å arbeide med dei store linene. Dette er eit døme på korleis vi skal jobbe og tenkje, seier Schanke Eikum.

– Spørsmål vi må ta stilling til er om politikaren skal vere vaktbikkje eller samfunnsutviklar. Det er ikkje sikkert svaret treng å bli enten eller. Det kan vere både og. Må ein ta tydelege val eller kan politikaren ha fleire funksjonar? Det vil vere fordelar og ulemper med begge alternativa.

**Rolleforståing**

Prosjektet har arbeidsutval med medlemmer frå fellesnemnda.

– Vi tenkjer å utfordre dei politiske lokallaga på spørsmålet, og å involvere innbyggjarane. Mykje kjem til å bli som det har vore. Målet er ikkje å endre alt. Men vi skal ha ein grundig prosess og gjere gode val.

Det overordna målet er å få tenlege politiske strukturar som fører til engasjement og god demokratisk styring. For å få til det vil ein skape engasjement og god rekruttering framfor kommunevalet hausten 2019. Styrande organ skal ha ein god balanse mellom kjønn og alder, og ha geografisk spreiing. På den måten sikrar ein at folkevalde kjenner meiningar, interesser og behov i alle delar av folket.

Ein skal byggje ein politisk struktur og ha arbeidsformer som engasjerer og tek vare på heilskapen. Dette skal igjen

# **Ekstern kulturbygging** - Prosjektgruppe

Stad kommune



***Tiltak** for å bli kjende,*
*byggje kultur og fellesskap!*

Alfred Bjørlo (Eid), Kristian Nave (Bryggja), Astrid Grete Torheim (Eid), Kjetil Vetrhus (Selje), Marita Aarvik (Selje), Thomas Hals (Eid), Sunniva Henden (Eid). Stein Robert Osdal (Selje), Maria Helgesen (Selje), Stein Bjørhovde (Eid) ikkje tilstades.

# **Tiltak** – for ekstern kulturbygging

Støtte til lag, org. og andre for at skal kunne møtast og bli kjende med kvarandre.

Målet er å bidra til meir aktivitet og samarbeid mellom innbyggjarane i dei to kommunane.






# **Bli kjend** på tvers










# **Bli kjend** på tvers





## Velkomen til "Draumeplassen"

- aktivitetsdag og opning av gapahuken ved Lefdalsvatnet!

Søndag 19. august inviterer 4H og Bryggja utviklingslag til opning av den nybygde gapahuken på "Draumeplassen". Vi ønskjer små og store turgåarar velkomne til den flotte naturmøteplassen midt i nye Stad kommune!

PROGRAM

Kl 10.00 - Avgang guida tur til Staurdalsegga frå Naveosen.
Kl 12.00 - Aktivitetane startar ved Lefdalsvatnet.
Natursti frå Naveosen til Draumeplassen (med spørsmål om Bryggja, 4H og nye Stad kommune). Kajakk, SUP-brett, kano, skumleskogen. Det vert høve til å kjøpe mat ved gapahuken.
Kl 14.00 - Opning av Draumeplassen. Premieutdeling for tur til Staurdalsegga og naturstien. Aktivitetane fortset.
Kl 16.00 - Avslutning

*Alle er hjarteleg velkomne!*
*- Håpar du tek turen og feirar dagen saman med oss.*

Med helsing Hei og Hå 4H og utviklingslaget på Bryggja

**Prosjekt Draumeplassen**
Gapahuken er eit 4H-prosjekt med støtte frå Sogn og Fjordane 4H og Gjensidigestiftelsen. Gapahuken er bygd på dugnad av Hei og Hå 4H og Bryggja utviklingslag og skal bidra til turglede, fellesskap og god helse! Utgangspunkt for turen: Naveosen (rett etter brua ved Navevatnet). God parkering i nærleiken. Turlengde: 20 min, rask vanleg gange. Tursti 40 min.

STAD 2020

**Bli kjend-fondet**
I arbeidet med å bygge nye Stad kommune, bygge samhald og fellesskap treng folk å bli betre kjende og ta eigarskap til kvarandre! Stad 2020 støttar tiltak som bidreg til å skape felles kultur. Info. om *Bli kjend-fondet* og søknad finn du på www.stad2020.no





# **Bli kjend** på tvers

Næringsliv

# Næringslivet i gang med synergiskaping

**Sentrale næringslivsfolk har allereie funne saman i nye Stad kommune. Miljøet kring selskapet Stad Vekst er i gang med å skape nye relasjonar som skal gje vekstkraft.**

– Fleire verksemder på kysten i den nye kommunen er av dei fremste i landet og verda på sine fagområde, til dømes innan fiskeri. Inne i fjorden er det andre type næringar, til dømes er næringslivet her sterkt på teknologi. Det har vore lite samarbeid, men etter at vi byrja jobbe saman i det nye næringsselskapet ser vi at det er klare felles utfordringar. Det handlar mellom anna om å byggje kompetanse for den framtida vi ser vil kome. Fiskeri og teknologi er framtidsnæringar, her er det gode moglegheiter til å få ut gode synergieffektar, seier styreleiar i Stad Vekst Olav Steimler.

Han er direktør for prosjekt og kommunikasjon i Ervik Havfiske. Selskapet er ein motor for utviklinga på kysten i nye Stad kommune, og har teke på seg å koordinere arbeidet med det nye næringsselskapet Stad Vekst som eit ledd i strategien om å ta samfunnsansvar.

– Rolla til Stad Vekst blir å fungere som koordinator, eller ein «hub» som skal skape vekstkraft. Vi har vore i nærleiken, men ikkje visst om kvarandre. No byggjer vi eit fellesskap.

**Teknologi-konferanse**

I slutten av august vart det teke initiativ til å samle ei gruppe sentrale personar frå private teknologiverksemder, med tanke på at dei ville passe saman som utviklingsmiljø. Gruppa representerte 700-800 arbeidsplassar, noko som utgjer 30 prosent av arbeidsstyrken i privat sektor i nye Stad kommune. Forutan Ervik Havfiske var Nordplan, Eid Fjordvarme, Fiskevegn, Paneda, Stadpipe, Segel, Eid vidaregåande skule, Normatic, Sødermann og Eid Elektro representert.

– At verksemdene fann tid, og sende toppfolka sine, viser at dette arbeidet er noko som blir prioritert, seier Steimler.

Stad Hotell, tidlegare kjent som Furebuda, var valt som samlingsstad. Alle verksemdene fekk høve til å presentere seg. Det var presentasjon av prosjekta Virtuell Campus på Eid og Måløy Maritime ressurssenter, samt av ulike typar nettverk med tilskotsordningar. Og det var bedriftsbesøk hjå Ervik Havfiske. Dag to var det videokonferanse med dagleg leiar Trine Kopstad Berentsen i Solenergiklynga med base i Oslo-området. Dette er eit nettverk med over 70 verksemder i samarbeider, og det vart nytta som eit godt døme på korleis ein kan få til klyngesamarbeid.



*INSPIRERANDE: Tilbakemeldinga etter teknologikonferansen på Stad Hotell var at samlinga var til stor inspirasjon for vidare samarbeid. Nærast til høgre koordinator Olav Hjelle, til venstre Trond Haavik.*

**Entusiasme**

Folk overnatta på hotellet, slik at det var lagt opp til sosialt lag der ein kunne bli kjent med kvarandre. Alle dei 12 romma som så langt er klare ved hotellet, var fylt opp.

– Tilbakemeldinga frå deltakarane er at dette har vore både kjekt og nyttig. Folk er entusiastiske, og det har allereie oppstått gode relasjonar i miljøet. Vi ser at vi har gode moglegheiter til å få til ting saman, seier Olav Hjelle. Den tidlegare bankmannen er no sjølvstendig næringsdrivande, og det var eit prosjekt han gjennomførte på oppdrag for Stad2020 som gav spiren til samlinga av teknologiverksemdene. I prosjektet intervjua han verksemder i den nye kommunen og gjorde ein analyse av styrkar, framtidsbehov og mulige synergiar. Rapporten vart levert til påske.

– Noko av konklusjonen er at verksemder i ytre til dømes kan gje internasjonale impulsar til næringslivet i indre delar av den nye kommunen. Fleire av verksemdene ved kysten er internasjonalt retta. Teknologiverksemder på Eid er i landstoppen på sine fagområde, og har potensiale til å nå ut til internasjonale marknader. Samstundes kan verksemdene i ytre ha god nytte av den teknologiske kompetansen i indre, seier Hjelle.



EFFEKT AV REFORMA: Teknologikonferansen i regi av Stad Vekst samla toppar frå lokalt næringsliv på Stadlandet. Frå venstre Hans Inge Solheim (Normatic), Olav Steimler (Ervik Havfiske/Stad Vekst), Olav Hjelle (sjølvstendig næringsdrivande), Arne Steinsvik (Nordplan), Trond Haavik (Segel), Ove Kjøllesdal (Eid Elektro), Martin Nygård (Paneda), Tore Hjelle (Eid Elektro), Ove Lillestøl (Eid vidaregåande skule), Einar Løken (Normatic), Nils Per Sjåstad (Stadpipe), Jakob Hals (Fiskevegn) og Hilde Langtangen (Sødermann).

> *– I løpet av 2018 vil vi ha ei koordinatorrolle for teknologi, fiskeri, reiseliv og utdanning. Vi skal vere eit fellesskap og vi skal vere i posisjon.* – OLAV STEIMLER



**Vil skape klyngesamarbeid**

– Vi såg at her var det så mykje interessant, at vi bestemte oss for at dette måtte vi ta vidare. Dermed kom teknologikonferansen i stand, fortel Steimler.

Han seier Stad Vekst i løpet av 2018 vil ha ein tydeleg driftsmodell.

– I løpet av 2018 vil vi ha ei koordinatorrolle for teknologi, fiskeri, reiseliv og utdanning. Vi skal vere eit fellesskap og vi skal vere i posisjon. Vi må finne ein finansieringsmodell med ein kombinasjon av tilskot frå verksemdene og det offentlege, seier Steimler.

Tanken er at fleire verksemder med felles utfordringar kan finne saman i små eller store klyngesamarbeid gjennom dette nettverket.

**Let seg inspirere av reforma**

Steimler seier næringslivet let seg inspirere av arbeidet som vert gjort med Stad2020.

– Det er eit døme til etterfølging. Her skjer det mykje bra, og det smittar over på oss.

Ei felles utfordring som også vart brukt mykje tid på under konferansen, var korleis skaffe kompetent arbeidskraft til verksemder der det blir stadig meir bruk av avansert teknologi.

– Dette er ei utfordring vi ser alle stader. Utvikling stoppar opp fordi ein ikkje har kompetent arbeidskraft tilgjengeleg. Det er i alle si interesse at vi jobbar saman om denne problemstillinga, og difor involverer vi vidaregåande skule, seier Hjelle.

# Bli kjend på tvers

Bli kjend fondet

Stad kommune

**Ungt fellesskap i ny kommune**





**Fredag 9. nov.** - felles kulturnatt-arrangementet i Gymmen med fokus på musikk frå band, gitar og song. Band frå Eid og Selje.

**Laurdag 10. nov.** – fellesarr./konsert i Selje. Ungdom frå Eid reiste til Selje for å vere med på arrangement og konsert der. Også det er under paraplyen «Bli kjent STAD 2020».

# Bli kjend på tvers








**FRÅ FLATRAKET:** Ragnhild Marie Myklebust (t.v.) og Sølvi Rasmussen hadde teke turen frå Flatraket. Sølvi er kateket i Vågsøy, og kunne gjerne tenkje seg å arrangere spøtepreike der.



**FRÅ SELJE:** Desse tre kvinnene kom til spøtepreika frå Selje. Frå venstre; Doris Hammersvik, Nanda Maack og Kirsti Elde.

**Strikkegudsteneste**, eller spøtepreike i Kjølsdalen onsdag 30. januar.

*Foto: Fjordabladet*

# **Bli kjend** på tvers - bygdevandring









# **Bli kjend på tvers** - konsert
















LYDEN AV STAD - Konsert i Selje 15. juni 2019

# **Politikarkafé** – møteplass

Stad kommune


Bli kjend fondet

# Politikarkafé

## Vår møteSTAD for Stad kommune

**INVITASJON** 11. juni 2019 18-21.00

**Velkomen til politikarkafé!**

Vi vil med dette invitere til eit uformelt møtepunkt for dei komande politikarane i Stad kommune - for å bli litt betre kjende før valkampen startar for alvor.

På politikarkaféen ynskjer vi også å løfte KS sitt Valløfte 2019. Korleis opptrer vi, korleis byggjer vi eit godt politisk klima i nye Stad kommune? Vi kjem også litt innom "Stad sin DNA": Kven er vi i den nye kommunen?

*Alle som stiller som listekandidatar i nye Stad kommune er velkomne!*

Det vert servering av mat, og god tid til sosialt samvere. Arr. er gratis.

Stad: Magnifikk, Sjøgata 101, Nordfjordeid
Tid: 11. juni kl 18-21.00

Påmelding til din lokallagsleiar **innan 6. juni!**

**Velkomen!**

STAD 20 20





# **Eigarskap** til felles identitet - kommunevåpen

Stad kommune







Stad kommune

# Norges vakraste?

Stad kommune




- Kåring TV2, 29. august 2019
- Blant topp-5 Norges finaste kommunevåpen!

# Jakta på folkeviljen – innspel frå folket

Stad kommune

**Innsikt og kartlegging – til bruk i planlegging**

- Næringsliv
- Stadsutvikling
- Reiseliv









# **Informasjon** - innbyggjarane og tilsette

Stad kommune



# **Fokus på kulturbygging**
## i ny organisasjon - tilsette

Stad kommune



Nytt fellesskap
Felles kultur







# **Omstillingsprosjekt** – ny felles organisasjon

Stad kommune






STAD 20 20
Eid og Selje i ny kommune

**Omstillingsavtale**
for tilsette i kommunane Eid og Selje

*«Avtalen har som føremål å sikre ein føreseieleg omstillingsprosess for kommunane sine tilsette. Prosessen skal kjenneteiknast av god medverknad frå dei tilsette sine representantar, samt samhandling og samskaping mellom partane.*

Partssamansett utval
Saks nr: 020/18
Dato: 1. mars 2018




Involverande og
god omstillingsprosess.
Byggje tillit.





# Involvering og felles kunnskap

## Samling for einingsleiarar

Stad kommune



Tenke nytt?

Samskaping?

Teneste-design?

STAD2020

DAGENS TANKESETT

MORGENDAGENS TANKESETT

**INVITASJON til avdelingsleiarmøte 7. september**

Dato 7. september 2018
**Tidspunkt** 9.00 – 15.00,
inkl. lunsj

Stad Nordfjord hotell på
Nordfjordeid

**Deltakarar**
Leiarar og tillitsvalde
i Stad2020.

**Hovudtema: Tid for tenestedesign?**

Kommunane møter i dag utfordringar som gjev eit aukande behov for å tenke nytt i måten vi arbeider på, utviklar og leverer tenestene i framtida. For å utvikle verdifulle og heilskaplege velferdstenester med god og effektiv drift treng vi gode tilnærmingar og metodar.

Samhandling og samarbeid har tidlegare vore omtalt som eit av fleire tiltak for å gje betre tenester. Det er no eit mål at dette vert sjølve *strukturen* i utforminga av velferdstenestene våre. Dette er basert på tanken om at betre samarbeid med innbyggjarane og dei ulike aktørane vil gje eit betre og meir heilskapleg tenestetilbod.

Tenestedesign og samskaping er ei tilnærming for å utvikle, planlegge og organisere tenestene betre – og der brukaren vert sett i sentrum og systematisk involvert gjennom prosessen.

Prinsippa som ligg til grunn i tenestedesign er i tett samsvar med dei målsettingar og strategiar som er sett for arbeidet i Stad 2020. Strategiane «vi skal samskape, vi skal tilby heilskapleg og effektiv tenesteyting, vi skal vere nyskapande" er alle viktige element i metoden.

**PROGRAM**

**09.00** Velkomen ved programleiar
**09.30** Tenestedesign (K-design) med samskaping, kvifor arbeide involverande og kreativt?
**10.30** *Pause*
**10.45** Let`s go! Frå teori til praksis... Vi kjører K-design i sprintformat!
**11.30** *Lunsj*
**12.30** Vi fortsett K-design i sprintformat!
**14.45** Takk for i dag!
**15.00** Vel heim

Vi håper det vert ein inspirerande dag som kan gjere arbeidet med utviklinga av kommunen vår og tenestene lettare, betre og kjekt!

Vel møtt!
Med helsing

Åslaug Krogsæter
*Programleiar STAD2020*






# **Fagleg og sosial samling** for einingsleiarane

Stad kommune









# **Fagleg og sosialt treff** for alle tilsette 2018

Stad kommune




Onsdag 5. september
kl 17.30-20.30
Operahuset Nordfjord

Påmelding HER
råd innan 1. september:

Det vert sett opp transport til/frå Selje og Leikanger!

Vi inviterer deg til nydeleg mat frå ASKE, musikk frå MGP-vinnar OSELIE og vårt felles tospann ODD-ERIK LOTHE & LINE DYBEDAL

## Velkomen til treff for tilsette i Eid og Selje!

Arbeidet med å bygge oss saman, skape fellesskap og nye arbeidskulturar er i gang – og onsdag 5. september 2018 inviterer vi alle tilsette i Eid og Selje til ein kjekk kveld i Operahuset Nordfjord med musikk, god mat og fagleg påfyll.

Fagleg tema blir arbeidet med omstillingsprosjektet, samfunnsmål og strategiane for Stad2020. Vi får besøk av sogningen Rasmus Mo - ein solid foredragshaldar med humor og snert! Rasmus jobbar til dagleg som omdømmeleiar, mentor og motivator i Sogndal Fotball og har brei erfaring frå operativt arbeid og leiing.

Håpar du tek turen, lar deg inspirere og vert kjend med nye kollegaer frå Eid og Selje!

Hjarteleg velkomen!

Åslaug Krogsæter
Rådmann / programleiar Stad2020








# **Fagleg og sosialt treff** for alle tilsette 2019

STAD 20 20
Eid og Selje i ny kommune













**4. sept. -** 450 påmelde

**Bli betre kjende**
– bygge fellesskap og gode relasjonar

Involvering, felles informasjon
og kunnskap.

# **Bakgrunn** for kommunereforma

Stad kommune

*Større og sterkare kommunar*

- Gode og likeverdige tenester no og i framtid
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Heilskapleg og berekraftig samfunns- og næringsutvikling
- Styrka lokaldemokrati

Samfunns-
oppdrag



# Dei overordna rammene

## for samfunnsoppdraget

Stad kommune




Tenesteytar




Forvaltar



Samfunnsutviklar




Demokratisk arena

# Stad kommune

## Med hjartet på rett **stad**

**Visjon**

Stad kommune er ein stad med hjarte, ambisjonar og potensiale til å vere ein vekstmotor for regionen og framtidas Norge.










"Fordi det er her vi vil leve gode liv!"









# Stad med framtid
## Utfordringsbilde

**Tenke nytt og smart**

Komplekse problemstillingar gjev eit aukande behov for å tenke nytt og smart når vi planlegg for framtidig velferd og tenesteyting.



## Norge 2020-2060



### Økonomi
Meir ustabil økonomi

### Globale miljøproblem
Produksjon og forbruk må bli meir miljøvenleg

Behov for **innovasjon og utvikling** i privat og offentleg sektor

### Offentleg sektor
Fleire oppgåver, begrensa ressursar - samtidig ei stigande forventning til tenestene

### Demografi
Fleire eldre og kronisk sjuke, færre yrkesaktive

### Teknologisk tidsskifte
Store krav til omstilling og innovasjon for å oppretthalde/auke verdiskapinga

# Stad kommune
## Morgondagens kommune?

**Tenke nytt**

Vi må tenke nytt både om korleis oppgåvene skal løysast, organiserast og kven som skal vere med å løyse dei.




### "Historisk" tankesett
### Formyndarkommunen



Kommunen bestemte "ovanfrå-og-ned".
*Kommunen er ei myndigheit*

### Dagens tankesett
### Servicekommunen



Kommunen er ein organisasjon
Brukaren bestemmer.
*"Kommunen ber innbyggjaren gjennom livet".*

### Morgondagens tankesett
### Samskapingskommunen



Kommunen er eit lokalsamfunn.
Vi bestemmer saman.
*"Kva kan vi få til saman".*

# Kommune
## Communis

**Betydning**

Kommune kjem frå latinske communis som betyr "det som er felles".




*Korleis kan vi skape denne kjensla av fellesskap og ansvar?*

## Communis - "Det som er felles"

Dette peikar på at det er eit *interessefellesskap* mellom innbyggarane, næringslivet som skapar abeidsplassar og verdiar, dei frivillige organisasjonane som bidreg til meiningsfulle liv, og kommuneorganisasjonen som legg til rette for ei god og demokratisk forvaltning av verdiar og tenester for alle innbyggarane.

# Fellesskap
## Samskapingskommune

**Prinsipp** Fellesskap er det berande prinsippet i samskapingskommunen



Lokalsamfunnet utviklar seg best når ein fokuserer på utfordringar og oppgåver i fellesskap – i staden for at oppgåvene vert løyst på bakgrunn av kva fag eller sektor ein ser dei frå.

| | Historisk tankesett | Dagens tankesett | Morgondagens tankesett |
|---|---|---|---|
| Kommunen er | ei myndigheit | ein org./servicesamf. | eit lokalsamfunn |
| Kommunen møter innbyggjarane som | undersåttar | kundar | ansvarlege og aktive innbyggjarar med ressursar |
| Politikarane fungerer ved å | behandle saker på formelle møter med formell dagsorden | setje mål og økonomiske rammer i dialog med fagfolk og kundar | prege dagsordenen og stimulere aktiviteten i lokalsamfunnet |
| Den gode medarbeidaren er fagleg dyktig og er | oppteken av det korrekte og rettferdige | serviceinnstilt | oppteken av å finne ressursane hos alle, skape fellesskap, legge til rette og støtte |
| Den gode leiaren har fokus på | å hugse reglane | styring | leiing |

# Stad med framtid
## Våre verdiar og samfunnsmål

**Tenke nytt**

Vi treng å utvikle og ta i bruk nye løysingar og modellar for å møte utfordringar og sikre ein berekraftig, trygg og god kommune.



**Samfunnsmålet** for nye Stad kommune byggjer på verdiane som ligg til grunn for samanslåinga. Det omhandlar kommunen som samfunn og fellesskap og målet om å vere ein berekraftig, attraktiv og god kommune å bu og leve i - no og i framtida.

> *Stad kommune er eit **livskraftig** og **trygt** samfunn der **vi alle** dreg **i lag***

RESPEKT LIKEVERD MEDVERKNAD TILLIT ANSVAR INKLUDERING

# Strategiar

## Korleis nå samfunnsmålet?

**Vegen fram**

Med utgangspunkt i utfordringar og våre verdiar er det utvikla 4 strategiar som skal gje retning i arbeidet med å nå samfunnsmålet.



**1.** VI SKAL **SAMSKAPE**

**2.** VI SKAL TILBY **HEILSKAPLEG OG EFFEKTIV** TENESTEYTING







**3.** VI SKAL VERE **NYSKAPANDE**

**4.** VI SKAL **BLI FLEIRE**



# Samskaping
## Kva er det?

**Likeverdige partar**

Å invitere inn til samarbeidande partnerskap der ulike aktørar gjev sjølvstendige bidrag i arbeidet med å utvikle og drive fram løysingar i fellesskap.




**Samskaping på tvers** av sektorar og forvaltningsnivå, brukarorientert tenesteutvikling og sosialt entreprenørskap vert peika på som den sentrale løysinga for å få til innovativ utvikling.

Krev nye møteplassar og nettverk på tvers av dei tradisjonelle grensene mellom kommune og innbyggarar, næringsliv og andre samfunnsaktørar.

### Viktige element i samskaping:
- Tillitsbasert styring
- Mellommenneskeleg kommunikasjon
- Evne til brubygging

# Samskaping
## For deg som innbyggjar

**Med deg i fokus**

Når vi skaper morgondagens tenester skal vi ta utgangspunkt i innbyggjaren sine faktiske behov, ønske og ressursar.



### Med samskaping som tilnærming

Å skape tenestene saman med innbyggarane i samspel med andre ressursar vil gje meir tilpassa tenester, nøgde innbyggjarar og betre utnytting av ressursane.




### Gevinst for innbyggjaren

- Tenester tilpassa eigne ønske og behov
- Respekt og likeverd
- Ansvar og meistringskjensle i eige liv
- Eit meir aktivt og meiningsfullt liv
- Oppleving av eit større fellesskap
- **Betre helse**

### Samskaping for eit godt liv og god helse

Samskaping gjev den enkelte motivasjon og styrke til å meistre og ta gode val for eige liv.

# Samskaping
## For fellesskapet

**Kvifor samskaping?**

Samskapingskommunen er enno ikkje ein realitet, men ein idé om korleis samfunnet og kommunen kan nytte krafta som ligg i samskaping og felleskapet.



### Kva gevinstar gjev det oss?

- mobiliserer innbyggjarane sin kunnskap, idear og ressursar
- aukar kvaliteten og effektiviteten i den offentlege innsatsen
- fører politikarar, medarbeidarar og innbyggjarar tettare saman
- aukar samhaldet som igjen er med å skape ny utvikling
- gjev meiningsfulle fellesskap og betre folkehelse

"Å berre fokusere på kropp er ein vesentleg mangel når vi skal rette innsatsen mot folks liv og helse. - Kvaliteten i **fellesskapa** er heilt avgjerande.

Per Fugelli

# Samfunnsoppdraget

Stad kommune



*«Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag»*



*«Å utvikle samfunnet er alles ansvar, ikkje bare kommunens. Skal vi lykkes er vi avhengige av felles innsats, og å dra mot det samme mål. Det krever at vi lytter og jobber sammen med innbyggerne, næringslivet, andre offentlige aktørar og frivillige organisasjoner.»*

*TILLIT - Sindre Martinsen-Evje, Ordførar Sarpsborg*

# **Strategisk** leiargruppe etablert 1. nov 2018

Stad kommune





# Strategisk leiing Stad kommune

Stad kommune



**ELIN LEIKANGER**
Areal og eigedom



**HARALD SIVERTSEN**
Oppvekst og Opplæring



**ÅSLAUG KROGSÆTER**
Kommunedirektør



**BARBRO LONGVA**
Helse og Omsorg



**KRISTINE DAHL**
Kultur og Samfunn

# Leiar- og organisasjonsstruktur

Stad kommune






## 3 stabsområde

- Økonomi
- Strategi og samordning
- Personal og kommunikasjon

## 4 kommunalområde

- Oppvekst og opplæring, 15 einingar
- Helse og omsorg, 6 einingar
- Areal og eigedom, 4 einingar
- Kultur og samfunn, 4 einingar

# Utfordringar framover - organisasjon

Stad kommune





## Velfungerande organisasjon

- Ny felles kultur - felles forståing, mål
- Samhandling på tvers, nye måtar å arbeide på
- Geografi - langstrakt kommune
- Digital samhandling
- Rekruttering – kompetanse
- Samskaping - korleis, med kven?

*I tråd med overordna mål og strategiar*

# Utfordringar framover - tiltak








- Jobbe med fellesskapet – felles plattform/verdiar, treff for tilsette (sosialt/fagleg)
- Leiarutviklingsprogram
- Nye verktøy for digital samhandling – Munikum
- Involvere tilsette i utvikling av org.
- Rekruttering - profilere kompetansearbeidsplassane. Samarbeid med næringslivet

# **Utfordringar** politikk og samfunn

Stad kommune





## Fellesskap – felles retning, mobilisering

- Vidareføre god politisk kultur
- Fornye og utvikle lokaldemokratiet
- Mobilisering – ta del i eiga framtid og utvikling
- Utvikle godt samspel mellom kommunen, politikarane og innbyggjarane
- Felles identitet og stoltheit

*I tråd med overordna mål og strategiar*

# **Planarbeid** for Stad kommune

Stad kommune






# Planlegge, førebu planarbeid

Stad kommune

**Planstrategi** for Stad kommune

April 2019 - Fellesnemnda vedtok oppstart av planstrategi og godkjent prosjektplan for arbeidet.

Formell oppstart av arbeidet med planstrategi vert lagt fram som eiga sak for kommunestyret i Stad.

Kommunane er etter plan- og bygningslova pålagde å ha ein planstrategi.

Planstrategien skal gje ei **oversikt** over dei kommunale planane som skal lagast eller reviderast i kommunestyreperioden.





# **Plansystemet** i praksis og koplinga mot økonomi

Stad kommune




**Figur: Det rullerende kommunale plansystemet.** *Kilde: Miljøverndepartementet (2011).*

# **Stad kommune** – visjon – verdiar - identitet






**Fellesnemnda vedtok 6. juni 2019 å sette i gang eit arbeid med visjon, og verdiar for Stad kommune**

Vi treng ein felles visjon og eit verdigrunnlag som seier noko om kven vi er, som gir felles retning og skapar felles kultur.

Kommunen sin visjon og verdiar skal *ligge til grunn for alle plan- og styringsprosessar* og vere retningsgjevande for alle leiarar og medarbeidarar i den nye organisasjonen.

- *Kva og kven er Stad kommune?*
- *Kommune betyr felles*
- *Kommunestyret – styret for fellesskapet?*

# **Kunnskap** som grunnlag for kartlegging

## Grunnlag for planstrategi

Stad kommune



Den kommunale planstrategien bør omfatte ei ***drøfting av kommunen sine strategiske val*** knytt til samfunnsutvikling, jf. plan.- og bygningslova § 10-1 første ledd.

***Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar*** i kommunen skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategi, jf. folkehelselova § 6.

# **Utviklingsprogram** for Stad kommune

Stad kommune

Fellesnemnd for Eid og Selje gjorde hausten 2017 vedtak om oppstart av eit felles utviklingsprogram for kommunane Eid og Selje, og framtidige Stad kommune.

Som ein del av utviklingsprogrammet vart det vedtatt å utarbeide ein *strategisk utviklingsplan* **med bu, arbeide og drive næring** som overordna tema.




Kommunane har gjennom Stad2020 skaffa seg kunnskapsgrunnlag og utarbeidd samla forslag til strategiar for dei 3 områda.

# **Strategi** for næringsliv

Stad kommune







Arbeid med ny merkevare / profil er forankra i planen.

# **Strategi** for stadutvikling

Stad kommune

Formålet med arbeidet har vore å ***legge til rette for eit godt samspel og lokal deltaking i utviklingsarbeidet*** for etablering av ny kommune.

Innbyggarane og frivillige lag og organisasjonar har kunnskap som er viktig for utviklinga av stadane og lokaldemokratiet.

Arbeidet med stadsutvikling i Stad kommune vil vere eit **kontinuerleg arbeid**.

Strategidokumentet blir tatt med vidare i arbeidet med Stad kommune sin samfunnsdel og arealdel.







Jakta på folkeviljen

# Stadutvikling – «Jakta på folkeviljen»

Innsikt og kartlegging – til bruk i planlegging

- Opne folkemøte i 9 bygder/stadar

- *15.-25. oktober*
- Hjelle, Hjelle skule
- Nordfjordeid, Eid rådhus
- Haugen, Vårtun
- Stårheim, Fram
- Kjølsdalen, Montessori
- Bryggja, Bryggja grendahus
- Flatraket, Flatraket skule
- Selje, Selje samfunnshus
- Leikanger, Stadlandet




**Forarbeid 25.-26. sept.:**

Kartleggingssamtale med bygdelagsleiarar m.fl.

# Stadutvikling – «Jakta på folkeviljen»

## Bryggja

### Stad: Bryggja krins
### Jakta på folkeviljen

STAD 2020 – Eid og Selje i ny kommune



### Kva stadutviklingstiltak er viktigast i fra

Born og ungdom

Innflyttar

Familie

60+

80+

Næringsliv

Turist

**Identitet**
- Utvikle ein tydeleg profil rundt Bryggja som buområde

**Tilbod til innbyggjarane**
- Behalde skule, barnehage og fritidstilbod
- Utvikle tilbod for bilinteressert ungdom ("mekkehall"/ungdomsklubb, jfr. store ledige lokale i bygda)
- Få opp buldrevegg i grendahuset

**Bustad, næring og plan**
- Kommunale tomter og tilrettelegging for bustadar
- Utvikle næringsareal
- Leilegheitsbygg i gamlebutikken

**Møteplassar**
- Dagsenter og aktivitetssenter

**Infrastruktur**
- Gjestehamn til småbåtar

***Kva funksjon bør Bryggja ha i nye Stad kommune?***

- *Grendahuset bør vere ein møteplass i nye Stad kommune (både for offentlege møte og andre type møte)*
- *Bryggja bør posisjonere seg som attraktiv bustad- og fritidsstad*
- *Sentral for utrykkingskøyrety*

### Skulekrins Bryggja

STAD 2020 – Eid og Selje i ny kommune

*Tilbakemelding frå folkemøter*

| | *Kva er dei viktigaste kvalitetane ved staden?* | *Kva er dei største utfordringane ved staden?* |
|---|---|---|
| *For innbyggjar* | • Trygt lokalsamfunn<br>• Aktivt kulturliv, lag og organisasjonar<br>• Sentral lokasjon og attraktivt knutepunkt | • Bustadfelt har ikkje ledige tomter<br>• Utrygg skuleveg frå Bryggja til Nave<br>• Idrettsanlegg og kyrkje under forfall |
| *For turisten* | • Bakeri, kafé og pub<br>• Utfartsmoglegheiter<br>• Fjord og skjærgard, historie og kultur | • Lite tilrettelagde aktivitetar<br>• Manglande skilting, informasjon og kart<br>• Mangel på overnattingstilbod |

| | *Kva rolle og funksjon bør staden ha i ny kommune?* | *Kva er dei viktigaste tiltaka for å utvikle staden i ny kommune?* |
|---|---|---|
| *Lokal- samfunn* | • God plass å bu med nærleik til mange arbeidsplassar<br>• Base for utrykkingsetatar, jfr. sentral lokasjon | • Utvikle bustadfelt og næringsliv<br>• Etablere vaktsentral og helikopter-landingsplass<br>• Utnytte potensialet ved Kalneset / djupvasskai |
| *Reisemål* | • Stad for rekreasjon og fritid | • Tilby fleire overnatting- og serveringstilbod<br>• Utvikle Søholmen og marknadsføre denne<br>• Postvegen Bryggja-Selje |

*Tilråding*

| | |
|---|---|
| *Kort sikt* | **Stadsutvikling:** Sikre og oppruste tilbod ein har i dag, m.a. grendahus, omsorgssenter, barnehage, skule, kyrkje<br>**Reiseliv:** Bruke skjærgarden, kulturen og historia som inspirasjon til etablering av spennande reiselivsprodukt. Informasjon og merking av turar i område. |
| *Lang sikt* | **Stadsutvikling:** Tilrettelegge for bustad<br>**Reiseliv:** Stimulere til etablering av reis<br>Postvegen) |

### Tenester og tilbod

STAD 2020 – Eid og Selje i ny kommune

**Offentlege tenester**

**Tilbod for born og unge**
- Bryggja skule (privat), 36 elevar 1-7 klasse
- Fjordly Barnehage (ca 20 barn)
- Fjordly Ungdomssenter + Holmely

**Tilbod for eldre**
- Bryggja Omsorgssenter (institusjon, omsorgssenter, heimeteneste)

**Andre tilbod**
- Kyrkje

**Kommunale instansar og råd**
-

**Privat tenesteyting**

**Handels- og servicetilbod**
- Daglivare- og blomsterbutikk, bensinstasjon, bakeri, pub, byggevare, frisør

**Næringsliv**
- Avdeling av gruveselskap
- Transport, rekneskap, verkstad og entreprenør

**Reiseliv**
Overnatting
- Nore Fjordsenter/camping

**Servering**
- Bakeriet AS (også pub, møteplass og selskapslokale)

**Aktivitetar**
- Båtutleige (Nore Fjordsenter)
- Hjortefarm
- Krokapollen kystleir

**Lag og org.**

**Idrett**
- Bryggja Idrettslag
- Bryggja skyttarlag

**Kultur**
- Bryggja skulekorps
- Hei og Hå 4H
- Ytre Nordfjord Brazz
- Vestavind (kor)
- Bryggja Songlag/Samklang

**Lag, foreiningar og organisasjonar**
- Bryggja Utviklingslag
- Normisjon
- Bryggja Bondelag
- Bryggja Sanitetsforeining
- Bryggja Pensjonistforeining
- Bryggja og omegn Jeger- og Fiskeriforeining
- Hageselskapet Vågsøy
- Småbrukarlaget
- Redningsforeininga
- Kystlaget Hornelen
- Rimstaddalen og Totland utmarkslag
- Bryggja Kvinne. og familielag
- Nave og Øyehaug Utmarkslag
- Jaktlag

**Arrangement**

**Idrettsarrangement**
-

**Kulturarrangement**
- Julebord
- Matmesse
- Jonsokfeiring
- Oktoberfest
- Haustfest for Hei og Hå 4H
- "Syng med oss" (Vestavind)
- Revy / tea
- Kyrkjekonsert

**Andre arrangement**
- Salsmesse
- Bingo
- Basar
- Leir på Fjordly

**Møtelokale og forsamlingshus**

**Nærmiljøanlegg**
- Bryggja stadion med klubblokale
- Skytebane på Nave med digital visar
- 4H Drømmehytte ved Lefdalsvatnet
- Symjehall
- Skianlegg / lysløype

**Forsamlingshus**
- Bryggja Grendahus
- Forsamlingslokale Smith venner (Rimstaddalen)
- Omsorgssenteret
- Skyttarlaget sitt klubbhus

**Besøksmål for turist**
- Kunsthuset
- Turområde ved Navevatnet og Lefdalsvatnet
- Gapahuk Lefdalsvatnet
- Turområde, kai og volleyballbane ved Søholmen
- Hjortefarm på Nave
- Rimstad / Berstad
- Maurstad gamlebru

**Stadkvalitetar**
- Sentral stad i ny kommune, når fire kommunesenter på ca. 30 min (Selje, Fiskå, Måløy og Eid) og har kort veg til mange arbeidsplassar
- Godt å bu, god skule og barnehage
- Feriehus, skjærgard, badestrand og fleire kaier (private og offentlege)

# **Stadsutvikling** - Leikanger

«Jakta på folkeviljen»

Jakta på folkeviljen

Stad kommune








# **Stadsutvikling** - Haugen

«Jakta på folkeviljen»







# Stadsutvikling - Hjelle

«Jakta på folkeviljen»

Jakta på folkeviljen

Stad kommune









# **Stadsutvikling** - Kjølsdalen

«Jakta på folkeviljen»

Jakta på folkeviljen

Stad kommune














# **Stadsutvikling** - Selje

«Jakta på folkeviljen»

Jakta på folkeviljen

Stad kommune








# **Strategi** for reiseliv

Stad kommune

Mål og strategiar bygger på det kunnskapsgrunnlag som er arbeidd fram i involveringsprosessen.

Set klare føringar for kva type reisemål Stad kommune skal bli, korleis vi må arbeide for å oppnå det.

Bruke reiselivsstrategien aktivt i samfunnsplanlegginga og strategisk næringsplan.




*Strategiplanen tek utgangspunkt i Visit Nordfjord sin strategi og merkevare «Alt i ein fjord» og sub-brand.*

# Reiseliv
## Framtidsnæring i særklasse

















# **Strategi** for reiseliv

## Ope møte Selje 23. september / Eid 2. oktober 2018

Stad kommune















# **Reiselivsstrategi** – posisjon som reisemål

Stad kommune

***Utviklingstrekk i næringa***

- Norske og utanlandske turistar er opptekne av aktiv ferie og opplevingar, fjordar og fjellandskap. Vinterturisme veks kun i nord.
- Kulturturisme vert stadig viktigare, og desse turistane har høg betalingsvilje.
- Forbrukaren er "alltid på", og vil ha skreddarsydd innhald.
- Berekraftig reisemål vert viktigare, både for turoperatøren og turisten.
- Auka fokus på kvalitet i produkt og heilårs turisme.
- Fleire dømer på struktur- og eigarskapsendringar i næringa.
- Samarbeid i verdikjeda for å styrke totaloppleving/produkt.
- Regulatoriske endringar for norske hamner og sjøtransport. Krav til meir miljøvennlege transportløysingar både på land og til sjøs.
- Regionreform og nye Vestland kan påverke destinasjonsstrukturen. Destinasjonselskap flyttar fokus frå marketing til "management".
- Regjering og Innovasjon Norge endrar prioritering og arbeidsform, noko som m.a. inneber usikker utvikling av offentlege tilskotsordningar.

*Kjelde: Innovasjon Norge, Fjord Norge, Visit Nordfjord*

**Posisjon som reisemål**

**Merke-vare/profil**



FJORD SPOR | FJORD SMAK | FJORD SAGA

Reint, autentisk, miljøvennleg

FJORD – Alt i ein fjord

**Kven er kunden?**

**Kulturturist**




**Aktiv turist**





**Barnefamilie**





**Cruise/fjord**




**Kva er produkta?**

*Frå Viking til Pilegrim*
- Kulturopplevingar med utspring i viking-, kongs og pilegrimshistorie
- Opera
- Festivalar
- Lokalmat med historie

*Frå fjellvandring til surfing*
- Surfing
- Ski
- Vandring
- Sykkel
- Fjordaktivitet
- Riding
- Lokal og sunn mat

*Frå aktiv ferie til kafèkos*
- Mangfald av aktivitetar
- Historiefortelling og humor
- Lokal og sunn mat

*Fjordopplevingar og lokal kultur*
- Fjordcruise (større og mindre skip)
- Kompakte aktivitets- og kulturtilbod

# **Strategiar** for utvikling av reiselivet

Stad kommune

1 *“ Etablere ei reiselivsklynge med samarbeid i verdikjeda som hovudmål*

2 *“ Ta ein posisjon som ein nasjonal og internasjonal kulturdestinasjon*

3 *“Ta ein posisjon som ein aktiv familiedestinasjon*

4 *“ Utvikle infrastruktur for reiselivet (sjø og land)*

5 *“ Digital og fysisk informasjon om reisemålet (kart, skilting, merking)*

6 *“ Profesjonell marknadsføring av reisemålet*

7 *“Marknadstilpassing inn mot cruiseturisme*

*Målsetting for ny kommune:*
Utvikle godt samspel mellom kommunen, politikarane og innbyggjarane.



Stad kommune